



Vigdis Meidell
Fossekleiva 25
5119 Ulset

Dato: 25.11.2016

Vår ref.: 2015/6388-66

Saksbehandlar: elsaaro1

Dykkar ref.:

Tilskot til mastergradoppgåve- prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som folkehelse – Vigdis Meidell

Viser til motteken søknad 20. oktober 2016 om mastergradsstipend knytt opp mot prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland, utlyst for studentar ved Høgskulen i Bergen. Tilskotet til masterstipend inngår som eit verkemiddel i arbeidet med auka kunnskapsinnhenting i prosjektet.

Vi har den glede å gje melding om at du vert tildelt kr 20 000.- i masterstipend som eingongssum. Midlane skal nyttast til å utvikle masteroppgåva di, og til innsamling av data i tråd med innsendt prosjektskildring. Stipendet er knytt til prosjekt *nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland* og pågående prosjektarbeid i Askøy kommune.

Problemstillinga for oppgåva er: «*Hva hemmer og fremmer den tverrfaglige prosjektgruppens samarbeid om lokalt, medvirkningsrettet folkehelsearbeid?*» Oppgåva med fokus på tverrfagleg samarbeid mellom personar med ulik fagbakgrunn er nyttig for prosjektet. Oppgåva skal hente inn kvalitativ kunnskap omkring spørsmålet: Korleis rigge eit tverrfagleg medverknadsarbeid? Interne prosessar i utvikling av tversektorielt folkehelsearbeid er eit viktig innsatsområde i nærmiljøprosjektet. Prosjektet vert vurdert som nyttig for innhenting av kunnskap og vert vurdert som relevant for andre kommunar som skal utvikle den tversektorielle samhandlinga i folkehelsearbeidet. Kunnskap om interne arbeidsprosessar knytt til utvikling av forståing for folkehelsearbeid er viktig. Viktige punkt sett frå nærmiljøprosjektet og som kan belysast i oppgåva er: tverrfaglighet som arbeidsorganisering, utforming av lokalt tverrfagleg folkehelsearbeid, nye roller for ulike profesjonar, forståinga av folkehelseomgrepet mm.

Vilkår for tilskotet

Innretning på masteroppgåva må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad/prosjektskisse. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast. Vi gjer merksam på at du skal levere rapport til Hordaland fylkeskommune og Stord kommune, og bidra til kunnskapsdeling av funna i oppgåva.

Utbetaling av stipendmidlane

Midlane vert utbetalt over Hordaland fylkeskommune sitt lønssystem som trekkfritt stipend. Vi gjer merksam på at du bør oppbevare kvitteringar i tre år om det i etterkant skulle oppstå kontroll frå Skatteetaten om kva midlane er bruk til.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjøre dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson/ar

Kontaktperson i fylkeskommunen er Else-Marie B Aarø, Else-Marie.Aaro@hfk.no, mob.924 79 790.

Hordaland fylkeskommune ynskjer lukke til med gjennomføringa av mastergradoppgåva!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.